



Ole Bjarne Soltvedt  
Nordgardshaugen 34  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4442 - 15/3265

Saksbehandlar:  
Berit M.Eskeland  
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:  
19.02.2015

## Vedr. farlege trafikksituasjonar ved avkjørsel frå Rema 1000

Viser til oppmøte hos kommunen den 23.01.15

I saker som gjeld skilting av vikeplikt er det Statens vegvesen som er myndigheit for oppsetting av skilt., jf. Skiltforskrifta § 27. Vegvesenet ønskjer ikkje å skilte der Vegtrafikklova klart regulerar vikeplikta, slik den gjer i avkøyrslar frå parkeringsplassar. Dersom bilistar ikkje overheld vikeplikta er det ei politisak.

Vegmyndigheitene for dei enkelte vegane er generelt restriktive med tanke på etablering av gangfelt. Årsaka er at gangfelt ofte gir ein «falsk tryggleik». Det er betre at fotgjengarar krysser vegen uten gangfelt med fullt fokus på biltrafikken, enn med redusert fokus i eit uheldig plassert gangfelt. Statens vegvesen sin handbok V127 «Gangfeltkriterier» setter opp ei rekke anbefalingar for kva som bør ligge til grunn for ei vurdering av etablering av gangfelt. Dette inkluderar fartsgrense, faktisk fartsnivå, tal kryssande fotgjengarar og tal bilistar. Eit eventuelt gangfelt ved innkøyringa til Rema 1000 tilfredsstillar ikkje desse krava. På bakgrunn av dette kan ikkje administrasjonen imøtekomme ønskje om å etablere gangfelt.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Ole Bjarte Soltvedt

Nordgardshaugen 5918  
34

FREKHAUG